



Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18277 - 20/81625

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
23.12.2020

Søknad om dispensasjon frå LNF formål til uttale - gbnr 471/5 Taule indre

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 417/5
Tiltakshavar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF formål i kommunedelplan for Radøy for arealoverføring av om lag 650m² frå gbnr 471/5 til fritidseigedomen gbnr 471/17. Arealet har vore eigd og brukt av fritidseigedomen i mange år.


Søknaden er ikkje nabovarsla då det ikkje er tilgrensande naboeigedomar til omsøkt areal.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Radøy (tidlegare kommuneplan) sin arealdel er definert som LNF formål. Tiltaket krev dispensasjon frå arealformålet. Det er søkt om dispensasjon.

VURDERING

Grensene for gbnr 471/17 er ikkje målte. Registrert areal på eigedomen er 873.6m² i matrikkelen. Gbnr 471/5 er registrert med eit areal på 163852m². Arealet som vert søkt overført er teke i bruk av fritidseigedomen for mange år sidan. Munnleg avtale frå 1969 og skriftleg stadfesting på overtaking av arealet frå eigar av 471/5 i 1988. Arealet er i hovudsak registrert som bygd i AR5/ gardskart og er inngjerda.



Utsnitt fra gardskart.



Utsnitt fra situasjonsplan.



Ortofoto 2018

Tiltaket vil ikkje utløysa endringar i forhold til vatn, avlaup og avkøyrslø. Byggesak har ved ein gjennomgang av søknaden vurdert at saka dreiar seg om formalisering av areal som privatrettsleg har tilhøyrt gbnr 471/17 i mange år. Byggesak er i utgangspunktet positive til å gje dispensasjon for omsøkt tiltak.

Søknaden vert sendt over til landbruksavdelinga for vurdering om arealoverføringa krev handsaming etter jordlova.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - GBNR 471/17 og 417/5 Taule indre - arealoverføring

Søknad om oppretting-ending av matrikkeleining-rekvisisjon av oppmålingsforretning Gnr 471 bnr 17

1. Vedlegg til søknad

2. Skjøte Gnr 471 Bnr 17- 04.06.1966

3.Skylddelsforetning gnr 471 bnr 17 - 19.06.1966

4. Bekreftelse overtakelse deleiendom-30.03.1988

5. Situasjonkart rød markering iht skjøte av 19.07.1965 inntegnet av kommunen

6. Situasjonkart med inntegnet eiendom fra 08.11.2020

7. Utsnitt av situasjonkart med forklaring av underlag for endelig fastsetting av grenser

8.Utsnitt fra «eiendomsinformasjon og kart», punkt 11 i søknad, ca areal

Mottakarar:

Alver kommune, landbruksavdelinga
Fylkesmannen Vestland

Postboks 4
Njøsavegen 2

5906 FREKHAUG
6863 LEIKANGER